

Årsmelding 2021

Styrets samansettning

Leiar: Øyvind Tveit

Styremedlemmer: Tahani Siddik Berge, Anita Haugstad Haugsjå, Mari Innerdal, Jorunn Kverndalen Frich og Joachim Bjørge. Dagleg leiar Hølje Haugsjå møter fast på styremøta.

Styremøte

Det er avhalde 5 styremøte i 2021. Alle styremøte og årsmøtet i 2021 vart gjennomførte som videokonferanse på plattforma Wherby.com.

Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit og uavhengig organisasjon som er registrert i Norge og Mali. NorSahel arbeider for å kanalisere langsiktig og berekraftig bistand til Mali. Organisasjonen har si operative verksemd i Mali og har, i tillegg til fleire samarbeidspartnarar, eit kontor med ein stadleg representant i landet.

Organisasjonens føremål

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levekåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre berekraft.

Samarbeidspartnarar og prosjektstøtte

NorSahel avslutta på slutten av 2020 det mangeårige samarbeidet med Kavlifondet, som har vore den viktigaste partner for NorSahel i over 6 år. Korona-pandemien gjorde at Kavlifondet trakk seg ut av samarbeidet litt tidlegare enn planlagt, då dei hadde forutsett å støtte NorSahel med eit nytt prosjekt i 2020-2021.

I 2020 ble eit større program, gjeven til Mali gjennom GFF (Global Financing Facility for Women, Children and Adolescents). Store delar av dette programmet er blitt finansiert av Laerdal Global Health. Vidare har også Norad vore med i finansiering av programmet. Programmet skulle forvaltast av AMAPED(den maliske fødselslegeforening) og Unicef. Blant viktige føresetnader for at dette programmet, på over 6 mill Euro, blei gjeven til Mali var at NorSahel var skulle vere ein del av prosjektgjennomføringa.

NorSahel har hatt mange møter med ulike aktørar vedr. dette programmet og på hausten 2021 fekk vi endeleg kome fram til ein samarbeidsmåte her i møter med Unicef og Amaped.

NorSahel fekk i november 2021 eit nytt forskingsprosjekt frå Laerdal Foundation. Dette er fyrste gongen at NorSahel får eit direkte forskingsprosjekt og det seier litt om NorSahel sitt faglege tyngde og referansegruppe (tidligare ekspertgruppe). Prosjektet hang også saman med samarbeidet vi har i Mali med Unicef og Amaped. Vidare heng forskninga saman med HBB App prosjektet til NorSahel, som er eit innovativt prosjekt som på mange måtar bør videreførast.

I November 2021 besøkte dagleg leiar, Hølje Haugsjå, Mali nettopp med tanke på dette forskingsprosjektet og samarbeidet med Unicef og Amaped. Besøket var veldig oppløftande på den måten at både Amaped og Unicef ynskjer framleis eit nært samarbeid med NorSahel, særleg innan forsking og HBB App utvikling. Som eit resultat av besøket og videokonferansar i forkant av besøket blei ei forskingsgruppe nedsett med Amaped. Denne forskings-gruppe er leia av prof. Ola D. Saugstad. Forskingsgruppa har ikkje kome i gang med arbeidet, men kontakten er oppretta.

Også i 2021 brukte NorSahel mykje tid på å utforme ein oppdatert grundig søknad til Norad i håp om endelig å kunne motta offentleg støtte. Her vil vi spesielt nemne arbeidet med å utforme ein heilhetleg administrativ manual for arbeidet i Mali. NorSahel fekk avslag på søknaden, trass i at søknaden var mykje oppdatert på dei punkt som vi hadde fått tilbakemelding frå Norad om året før(2020). Styret og kompetansegruppa var heilt samstemte i at det må sendast klage, og i år fekk vi hjelp av ein ekspert med denne klage. NorSahel hyra inn advokat med ekspertise i forvaltning til å skrive klaga. Ho støtta også sjølv klaga og meiner den bør gå heilt til sivilombudsmannen om det blir naudsnytt. Hennar råd tyder på at styret og kompetansegruppa ikkje utan grunn har klaga på vedtaket, som på fleire måtar framgår merkeleg for styret.

Mitt i ergring, både over Korona og Norad, klarer styret å gle seg over alle som verdien av NorSahel sin innsats i Mali. Ikkje minst ser vi svært positivt på Ambassaden i Bamako si verdsetjing av NorSahel sitt arbeid i landet og det samarbeidet vi har med Laerdal.

Aktivitet

Spesielle eventar (arrangement) i 2021

Alle fysiske arrangement vart avlyste i 2021 grunna Korona. Det som har blitt gjort av aktivitetar inn mot innsamlingar har blitt gjort digitalt, med juleinnsamlinga som den viktigaste.

Juleinnsamlinga 2021

Hølje Haugsjå, Anita H. Haugsjå, Tahani Siddik Berge og Joachim Bjørge vart oppnemnt av styret til å organisere juleinnsamlinga 2021. Denne gruppa arbeidde godt saman og iverksette fleire gode tiltak for å samle inn pengar til prosjekta i Mali. Joachim, med assistanse frå Tahani, vidareutvikla eit godt konsept med digitale julekort. I alt kom det inn 36 450 NOK på juleinnsamlinga, noko som er ein oppgang på over 10 000 frå 2019.

Informasjonsarbeidet

Styremedlem Tahani S. Berge har også i år vore informasjonsansvarleg for NorSahel. Tahani har, til liks med andre i styret og administrasjonen, lagt ned mykje frivillig innsats med informasjonsarbeid, inkludert arbeidet med å oppdatere Facebook og nettside. NorSahel har i 2021 ikkje engasjert eksterne for å gjennomføre informasjon og innsamlingsarbeid. Til tross for dette ser styret at gavemannskapene har halde seg bra, og nedgangen har vore mindre enn frykta. Innsamlingsprosenten er igjen høg, heile 97 %.

Mykje av grunnen til at gavemannskapene har halde seg er at NorSahel har ei stamme av faste givarar.

Utfordringa for styret blir framover å sikre enno fleire givarar og faste givarar.

Prosjekta i Mali

Innleiing:

NorSahel har gjennom heile 2021 halde oppe kontoret i Bamako og lønna stadleg representant for å arbeide i hovudsak med nyfødt/HBB prosjekt, til trass for at 2021 er det første året sidan oppstarten at NorSahel ikkje har hatt eksterne partnerar for dette prosjektet. Kontoret i Bamako har vore viktig på fleire måtar, mellom anna inn mot det faglege og forskings-messige samarbeidet med AMAPED og Unicef. I tillegg har kontoret og stadleg representant vore viktig i det nystartade forskings-prosjektet som NorSahel har starta opp i samarbeid med Laerdal. Til slutt har det vore avgjerande for aktiviteten i sykkelsprosjektet at kontoret har vore fullt operativt.

Stadleg representant gjorde også ein god jobb i arbeidet med å få på plass nye intensjonsavtalar med lokale organisasjonar og med å fullføre det store arbeidet med å få på plass ein heilhetleg og godkjent Manual for arbeidet i Mali.

Nyfødt og HBB App:

NorSahel har i 2021 for første gong ikkje hatt ekstern støtte til dette prosjektet. Men styret har vektlagt kontinuitet og difor bestemt å løne stadleg representant for å arbeide med prosjektet. Fleire møter er blitt avhalda mellom kompetansegruppa(forskingssgruppa) til NorSahel og Amaped/Unicef som videokonferanse

for samarbeid innen området. I tillegg gjennomførte dagleg leiar eit feltbesøk i november 2021 til Mali for å følgje opp prosjektet og planlegge for framtidige aktivitetar og samarbeid.

Sykkelprosjektet for jenter på ungdomskular:

Dette prosjektet blir drive av private innsamla midlar. Hovudmålet er å få fleire jenter til å fullføre ungdomskulen.

Også i 2021 har dette prosjektet vore sterkt prega av Korona-epidemien på den måten at alle skulane i Mali var stengt fram til februar 2021 frå mars 2020. Etter nokre månader med skule blei ein slags eksamen gjennomført våren 21. Deretter vart skulane gjenopna først i november 2021, men det ser ut til at skulane vi arbeider ved no endeleg er oppe å gå på permanent basis etter nedtenging i mars 2020.

Sykkelprosjektet til NorSahel var gjennom ei evaluering i 2020 og 2021. Her blei alle skulane vitja og det vart gjort opp status både rundt syklane og nytten av desse på dei 6 skulane NorSahel fram til 2020 hadde arbeid. Denne grundig evaluering blei avslutta i juni 2021 og viste at på dei 6 skulane som NorSahel hadde gitt skulesyklar hadde andelen jenter auka til 41% (rundt 50% ved 2 skular). Delen jenter som fullførte var stigne til 22 % på dei skulane der NorSahel har jobba meir enn 3 år (frå ca. 10 % før prosjektstart).

Evalueringa viste også at 91 % av syklane som var gitt var i dagleg bruk og berre ca. 9% var defekte eller ute av bruk.

I 2021 blei det gjeven i alt 105 syklar til 4 ulike ungdomskular, 2 av desse var nye for NorSahel. Desse to nye ungdomskular ligg i to andre kommunar og dei har blitt godkjente og har underskrive regelverket. Dette prosjekt arbeider berre ved ungdomskular og har fokus på jenters utdanning.

NorSahel har sidan 2014 delt ut over 750 skulesyklar. Til saman 8 ungdomskular i 4 ulike kommunar er med i prosjektet. Stadig fleire ungdomskular i eit større området søker om å verte med i prosjektet og NorSahel kunne lett utvida til fleire ungdomskular, men manglar midlar til dette. Regelverket har sett seg og er etter kvart godt kjent og er nok nøkkelen til at dette prosjektet gir gode resultat.

Resultatet frå prosjektet er blitt publisert på Facebook. Resultatet og den vedvarande gode samarbeidsviljen hos ungdomskulane, gjer at NorSahel ynskjer å trappe opp arbeidet med å skaffe fleire skulesyklar til primært jenter.

Fortsett drift

Føresetnad om fortsett drift er til stades, og rekneskapen for 2021 er satt opp under denne føresetnaden.

Årsrekneskapen for 2021

Årsrekneskapen for 2021 er viser ei omsetting på 297 168 NOK. Dette er ein større nedgang frå 2020. Utgiftene er til saman på 314 625 som gir eit underskot på 17 457. Med tanke på at NorSahel har lite eksterne tilskot i 2021 og eit krevjande år grunna Covid 19 er det eit akseptabelt resultat. Eigenkapitalen er etter dette på 377 740, som er oppsparte midlar.

Kostnader til aktivitetar som oppfyller formålet, var i 2021 på 257 632. Kostnader til innsamling av midlar var på 5 541 noko som gir ein innsamlingsprosenten på 97%. Grunnen til at denne er høg i 2021, er rett og slett at det meste av arbeidet med å samle inn midlar har skjedd på frivillig basis og at det i tillegg har skjedd digitalt.

45 898 av utgiftene blei nytta til administrasjon, ca. 15 % (15% i 2020). Styret legg vekt på at administrasjonen til NorSahel skal ha høg kvalitet og samstundes sikre flest mogleg midlar til arbeidet i Mali.

Likestilling

4 av 6 medlemmer av styret er kvinner. I tillegg driv organisasjonen kvinneretta prosjekt i Mali, både via sykkelprosjektet, som er spesielt retta mot jenter, og ved at nyfødt-prosjektet arbeider på fleire jordmor-/sjukepleiarskular Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

Resultatdisponering

Underskotet blir dekt inn av eigenkapitalen.

Treungen 30.04.2022

Øyvind Tveit, styreleiar

Anita Haugstad Haugsjå

Mari Innerdal

Jorunn Kverndalen Frich

Joachim Bjørge

Tahani Siddik Berge

Hølje Haugsjå, dagleg leiar